



ALVER
KOMMUNE

Plan og byggesak

Jan Rune Hosøy
Heltveitvegen 9
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8912 - 21/74735

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
09.11.2021

Mellombels bruksløyve for riving av bygningar, planering av byggeområde, veg og parkeringsplass - gbnr 10/16 Rødland

Administrativt vedtak: Saknr: 1200/21
Tiltakshavar: Jan Rune Hosøy
Ansvarleg søkjar: Magne Hope AS Entreprenørforretning
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for riving av naust/sjøbu med bygningsnummer 176 334 983 og driftsbygning fangst/fiske med bygningsnummer 176 302 712, veg f-SV1, del av f-SV2 og f-SV5, parkeringsplass SPA1, kaiområde f- SK2 og naustområde BUN2 og rorbuområdet BFK1 på gbnr 10/16 og del av kaiområde SK1 og naustområde BUN1 på gbnr 10/47.

1. Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket.
2. Ferdigattest skal liggja føre innan 30.06.2023.

Ansvarleg søkjar har ordna med nødvendig sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og rammeløyve og igangsetjingsløyve for delar av tiltaket datert 07.07.2020, igangsetjingsløyve datert 08.09.2020 og endringsløyve datert 14.10.2020.

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket.
Følgjande arbeid står att: Fortauskant på parkeringsplass SPA1.
Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til 30.06.2023.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk.

Det vert elles vist til søknad mottatt 22.10.2021.

VURDERING

Kommunen legg mottatt dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for heile tiltaket.

Skildring

Adresse:	Hosøyvegen 33
Bygningstiltak:	Riving av naust/sjøbu med bygningsnummer 176 334 983 Riving av driftsbygning fangst/fiske med bygningsnummer 176 302 712 i område område BFK1 Veg f-SV1, del av f-SV2 og f-SV5, parkeringsplass SPA1, kaiområde f- SK2, naustområde BUN2 og rorbuområdet BFK1. Alle tiltak på gbnr 10/16. Del av kaiområde SK1 og naustområde BUN1 på gbnr 10/47.

Oppfølging av mellombels bruksløyve

Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

Regelverk

- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/8912

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Jan Rune Hosøy
Magne Hope AS
Entreprenørforretning

Heltveitvegen 9 5993
Litlåsvegen 197 5954

OSTEREIDET
MONGSTAD